

Torleiv Bolstads minnestipend

I 1991 gav Kjellaug Bolstad kr 50 000 til Valdres folkemusikklag med tanke på eit stipend for hardingfeleutøvarar. Det vart då oppretta eit fond som grunnlag for ei årleg utdeling av Torleiv Bolstads minnestipend. 80 prosent av renteinntektene kunne delast ut som stipend, men om stipendet eitt år ikkje vart delt ut, gjekk renteinntektene inn i fondet. Stipendet er delt ut sidan 1991 etter reglar som på dei fleste punkt samsvarar med dei nye vedtektene nedanfor.

Vedtekter for Torleiv Bolstads minnestipend, gjeldande frå 1.3.2023

- Styret for fondet og ansvarleg for utdelinga av stipendet er styret i Valdres folkemusikklag.
- Stipendet skal delast ut til ein hardingfelespelar i Valdres mellom 15 og 25 år som syner evne og vilje til å gå inn for folkemusikk frå Valdres.
- Styret vel ei nemnd på tre personar frå ulike bygdelag i Valdres. Éin person skal bytast ut årleg. Nemnda skal vurdere og velja mellom aktuelle kandidatar til stipendet og velje ut den som skal få det.
- Inntil 80 prosent av dei årlege renteinntektene frå fondet kan brukast til stipendet, men styret i Valdres folkemusikklag kan legge til meir frå andre kjelder for å gje stipendet den ynskta storleiken.
- Stipendet skal delast ut på Jørn Hilme-stemnet, og grunngjevinga skal lesast opp under utdelinga.
- Skulle Valdres folkemusikklag bli nedlagt, skal fondet overførast til Valdres Folkemuseum, som skal forvalte det etter same reglar.

Revidert og vedteke på årsmøtet 23.3.2023